



Ivrige løparar i klassen under skulealder.

2. løp i Kvinnheradskarusellen i terrengløp torsdag kveld vart ein fulltreffar både for deltakarane og publikum. Hos den eldre del av dei som var til stades førde nok den gode stemninga tankane tilbake til den tida då omtrent same løypetrasèane vart brukt under den årvisse Strand-stafetten for ein del år sidan..

KLIKK PÅ BILDA SÅ VERT DEI STØRRE.

Aldersspennet på dei 72 deltakarane var stort. Dei yngste var godt under skulealder, og den eldste hadde tatt fatt på pensjonisttilværet. Desse sprang ulike løyper som varierte frå 350 til 2600 meter i lengde. Den lengste løypa var forresten identisk med den lengste etappen i den tidlegare nemnde Strand-stafetten. Av deltakarane var 28 frå Uskedalen, og elles var dei fleste idrettslaga i fastlands-Kvinnherad representert.



Gutar og jenter i 7 årsklassen klar til innsats.

Ramma rundt arrangementet var perfekt. Start og mål var på Sandakaien. Løypene gikk altså rundt i sentrum. Sigurd Børve gjorde også denne gangen ein sær god jobb som speaker, og han heldt både deltakarar og publikum oppdatert i det som skjedde. God sambandskontakt med løypevaktene gjorde at publikum heile tida vart godt oppdatert om den spennande løpsutviklinga i dei ulike klassane.

Det var mange løparar som imponerte. Utan tvil var det fleire store løpartalent. I denne samanhengen vil vi ikkje trekkja ut innskildløparar. Terrengløpskarusellen er ei viktig breiddemønstring, og Herøysund idrettslag, Idrettslaget Trio og Uskedal idrettslag fortener honnør for at dei har gått i bresjen for dette tiltaket. Det er verkeleg å håpe at det vert årvisst framover.

Veret var og perfekt! Lettskya og med ein behageleg luftstemperatur på om lag 15 grader. Avviklinga gikk raskt og flott, og på nøyaktig timen var arrangementet ferdig.



Klasse 9 år klar for sine 600 meter

Det gjenstår no 2 løp i årets karusell. Begge er på Husnes. 1. mai kl.18 er første løp på Husnes stadion og dei nye turstiane i området rundt. 8. mai vert karusellen avslutta med Kvinnherad-meisterskap i terrengløp.



Klasse 10 år legg av garde.



Starten er gått for 11 og 12 åringane



Start i eldste klasse

Fullstendig resultatliste finn de på [Uskedal idrettslag si heimeside ved å klikke på denne lenkja.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland.